Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Beit og Brom

Oppskr. av: Arne Elven

(adresse): Innherfjorden

Fylke: Sør-Trøndelag

Herad: Agdenes

Bygdelag:

Gard: Elven

G.nr. 44 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Namnordet „beit" i dette emnet segjest igrunnen med tvo stavingar slik: be-eit, altså ikkje som fortid av gjerningsordet bite – han beit.

1. Vi nytter dette foret også i denne tida, men ikkje i så stor mon som for 60-70 år sidan. Det har vore kalla be'eit og var kvistar av bjørk, avdi det var mest av den tresorten her av slikt treyrkje som kunde brukast. Også av rogn bli det bra beite. Furubar og bast av furua har også vore brukt; men berre når ein hogg tømmer eller brendeved av furu. dei hadde ikkje råd til å hogge furu berre for beitet.

2. Det var visstnokk ikkje noko sers ord for dette arbeidet. Ein skulde ta – (bryt) – beit. Serskild køyredoning til dette var det ikkje.

3. Beit vart henta når ein hogg det, helst når det var snó. Ein køyrde heim savidt muleg alt av treet (ikkje nett treet heilt), så tok ein alt brukande til beit av det heimkøyrde. Serskild namn på „vårbeitet" veit eg ikkje av, og ordet „brom" synes vera ukjendt her.

4. Når ein henta heim til „be'eit", så var det ikkje brukt anna reidskap enn øks og sag.

1234

Det var fyrst når vyrkjet var heimførd, at beitet vart fråskild. Av bjørk og rogn bli det helst broke av med hendene utan sers reidskap, avdi det går fortare på den måte enn med kniv.

(Hjelpefôret „lauv" kjem ikkje inn under nemninga be'eit. Det bör helst takast om sumaren så snart det er utvakse, men det har vore likje etter slåttonna, når ein ikkje hadde höve til å ta det fyrr. Til det var brukt eit serskild handfeng, som kallest <u>lauvjarn</u>, og såg slik ut .
Egga i den innvendte kanten på jarnet og frampå enden ein krok til å bröke i og böygje med kvistar. Jarnet omlag 8 tummar langt og skafte 30 tummar.)

5. Beite av lauvtré (bjørk, rogn og tildels osp) vart brukt åt storfé. Furubar og greiner av furu vart köyrd heim og lagd i dungar der sau og geit åt og gnog alt dei vann, når dei vart slept ut. Beite av lauvtre og furu vart gjeve for seg sjölv. Eit anna slag beite er Rösslyng; det bli no slege med ljå og hakka saman med halm, men bli også gjeve ublanda, som er det mest vanlege.

6. Furugreinene og baret vart lagd i haug bortpå vallen ein stads. Det vart godt med gras der, etter at småfeet hadde heldt til der. Det avbroke beite av lauvtrea vart bore inn i fjöset ~~og~~ eller löystålet og lagt der, til det vart oppfôdra.

7. Skikken å henke „be'eit" om langfredag og det på fastande hjarte, veit eg ikkje av. Men det har vore skikk, at ungkarane henta og gav gjentone „<u>langfredagsris</u>" – om morgonen langfredag. 1234

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING